



Årsmelding 2023

Allidrett 2-5 år

Vi har i 2023 vore ei gruppe på fem personar som har hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av allidretten. Gruppa har hatt følgjande medlemmer: Liv Margrethe Standal, Ole Petter Hasti Leversund, Ida Nerlid Holsen, Kristina Apalseth og Mona Ødegård Standal.

Vi har hatt aktivitet i hallen kvar onsdag kl. 17-18. I tillegg til dei faste treffa i hallen har vi arrangert nokre aktivitetar utandørs:

Februar: Hovudlykttur i Sørmarka med bål og kakao

Mars: Påskerebus med påskeeggjakt på turstiane i nord

April: Deltaking på strandrydding i regi av grendalaget

Juni: Sommaravslutning med såpeskive og is i Sjørgard

Desember: Hovudlykttur med refleksjakt i Sørmarka



Allidretten er eit lågterskeltilbod for alle som ønskjer å delta, og baserer seg på frileik. Vi har i snitt hatt ca. 20 born i hallen kvar onsdag. I tillegg har det blitt fleire og fleire born i alderen 6-8 år som deltek, ofte fordi dei har småsøsken, eller anna familie som er der. Det kan tyde på at også eldre born finn glede i eit aktivitetstilbod som ikkje er organisert som særiddrett.

Alle born som deltar på allidretten må ha med seg ein ansvarleg vaksen. Dette sikrar tryggleiken for borna og gjer det betre for oss som har ansvar i hallen. Den som har ansvarsvakt tar fram utstyr som skal brukast og er kontaktperson om noko skulle oppstå.

Vi ser fram til nok eit aktivt år i allidretten i 2024.

For allidrettsgruppa 2-5 år

Mona Ødegård Standal
Gruppeleiar